



Anders O Grevstad AS  
Midtunhaugen 13A  
5224 NESTTUN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2748 - 19/234

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

04.01.2019

## Godkjenning - tilkopling til kommunalt vatn og utsleppsløyve til fritidsbustad- GBNR 42/62 Eikeland

**Administrativt vedtak. Saknr: 03/2019**

**Tiltakshavar:** Reidun og Dag Dalland  
**Ansvarleg søkjar:** Anders O Grevstad AS

**Type utslepp:** Sanitært avlaupsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5  
Godkjenning etter plan- og bygningslova § 20-1

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 02.01.19, og supplerande dokumentasjon, journalført 04.01.2019, søkt om utslepp, 5pe, frå ein fritidsbustad i Beitingsvegen 185.

I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Reinsa avlaupsvatn vert deretter ført til sandfiltergrøft på eigen eigedom. Denne søknad gjeld for ein fritidsbustad.

I tillegg er det søkt om kommunal vassforsyning.

### Nabovarsling:

Utsleppet vart ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Minireinseanlegget skal plasserast på eigen grunn, tilkopling til kommunalt vatn skal skje på kommunal grunn gbnr 4/60. Administrasjonen vurderer tiltaket slik at det krev ikkje nabovarsel då tiltaket ligg på eigen grunn og andre sine interesser ikkje råka av tiltaket.

### Vurdering:

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg med etterpolering. Det er ikkje mogeleg å føra avlaupet til sjø.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

### **Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5/§ 13-5 utsleppsløyve frå ein fritidsbustad, 5 pe, på gbnr 42/62 i samsvar med søknad, journalført 02.01.19 og supplerande dokumentasjon, journalført 04.01.19 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng/etterpolering på eigen eigedom.
2. Minireinseanlegget skal plasserast i samsvar med situasjonskart datert 30.11.19, motteke 02.01.19. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forureining, §§ 12-7 til 12-13/§§ 13-6 til 13-16/ eller Meland kommune si lokale forskrift frå mindre avlaupanlegg jf. § 12-6.
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Det vert erklært ansvarsrett i samsvar med søknad og gjennomføringsplan, datert 03.01.19.

Meland kommune godkjenner vidare at fritidsbustad på gbnr 42/62 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført motteke 02.01.19 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskar å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva, per buening.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet:

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av minireinseanlegg på gbnr42/62, i samsvar med søknad journalført 02.01.19 og supplerande dokumentasjon journalført 04.01.19. Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan, journalført 04.12.18, jf. plan- og bygningslova § 29-4.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om tilkopling til VA-anlegg GBNR 42/62  
Beitingsvegen\_185\_Vann\_avløp\_følgebrev  
Beitingsvegen\_185\_Sanitærabonnement  
Søknadsskjema-utslepp  
Tilknytting til offentleg ledningsnett - tilkopling vatn GBNR 42/62

**Kopi til:**

Dag Dalland	Vestlivegen 23	5260	INDRE ARNA
-------------	----------------	------	------------

**Mottakarar:**

Anders O Grevstad AS	Midtunhaugen	5224	NESTTUN
----------------------	--------------	------	---------

**Mottakarar:**

13A